



Den årlege og vårlege stordugnaden i båthamna blir neste laurdag, 9. april klokka 10, melder styret. I fjor var det rekord-deltaking med 17 mann og ei kvinne. Blir det ny rekord i år?

Alle medlemene blir oppmoda om å ta med reiskap til desse arbeidsoppgåvene:

- * Skraping/maling (vinkelslipar, skøyteleidning, malingsskrape, stålkost)
- * Klipping av buskar og trær (hagesaks, sag, rive)
- * Kosting/rydding (kost, spade, trillebår)
- * Reparasjon av flytebyggjer (batteri, drill, bor, diverse verktøy, dykkerutstyr!!!!)

-Med mykje pågangsmot får vi hamna i tipp topp stand før påske, held styret fram.

Det oppmodar også alle medlemene til å senda inn oppdatert adresse og mobilnummer. E-postadressa er uskedalbatlag@hotmail.no

På biletet over er dugnadsgjengen frå i fjor.

(Foto: Ola Matti Mathisen)